

Byggmester Steinar Thunold AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/324 - 14/16263

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 102/83 Vabø Søre

Teknisk drift syner til e-post motteke 01.07.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining – gbnr 102/83 Vabø Søre.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsonen skal til ein kvar tid haldast vedlike av brukarane av avkjørsle.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no (FOR-1964-07-16 nr 3905 og veglova) og www.vegvesen.no (vegnormal N100).
- Det må ligge føre rett til å nytte privat veg.

Vi gjer merksam på at dersom avkjørsle må utbetrast for å tilfredsstillte tekniske krav, er dette arbeidet søknadsppliktig hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRUMAR BLIR RØYNDOM



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:


Situasjonskart

Kopi til:

Øystein Kvamme
Lindås kommune ved byggesak
Kjetil Eikefet

Skauvegen 539 5957

MYKING



100m

N

Målestokk
1:500

Lindås kommune
Geodata avdeling



Dato: 2014.07.02
Sign: lili

- | | | |
|---|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">  Avlop felles  Drensledning  Overvann  Pumpeledning spillvann  Pumpeledning vann  Spillvann  Vannledning | <ul style="list-style-type: none">  Udefinert grense  Terengmålte grense  Konstruert grensepunkt  Bolig  Bustad mulighet  Våningshus  Store bustader | <ul style="list-style-type: none">  Hytte/feriehus  Garasje/tuhus  Industri/lager  Andre bygg |
|---|--|---|

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

Q1

Angående vei tilhørende 102/4

Ifm. bygging på 102/83 og 102/139 skal det lages felles tilkomstvei til desse tomtane. Den nye veien vil bli ein forlengelse av eksisterende vei som gjer tilkomst til 102/82 men er eigd av 102/4.

Formål med dette skrivet er å stadfeste enighet om vidare bruk av eksisterende vei.

Undertegnede stadfester at veien opp til 102/82 (Bente Fjellsbø Vabø) ligg på 102/4 sin eigedom. 102/82 har kun vegrett til bustaden.


102/82 v/ Bente Fjellsbø Vabø er informert om tilkomst / tomter via nabovarsel.

03.03.14

Jarle Arild Fjellsbø

Jarle Fjellsbø

Emne: Mangelbrev - gbnr 102/83 Vabø - bustad
Dato: fredag 21. februar 2014 09:26
Fra: Benjamin Hicks <Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no>
Til: kilsperr@online.no kilsperr@online.no
Diskusjon: Mangelbrev - gbnr 102/83 Vabø - bustad



Byggmester Steinar Thunold AS

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 14/324 - 14/3688

Saksbehandlar:
 Benjamin Hicks
 Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
 20.02.2014

Mangelbrev - gbnr 102/83 Vabø - bustad

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 30.01.2014. Vi viser også til vårt vedtak av 02.04.2013 der tidlegare søknad vart sendt i retur.

Det er søkt om oppføring av ny bustad over to etasjar med ei bueining. Det går ikkje fram av søknadsskjemaet at det er søkt om etablering av anlegg eller veg. På innsendt situasjonsplan går det fram at «Påkopling eksister. privat veg. Sjå vedlagt sit. Plan for 102/139». Ein føreset her at etablering av felles utslippsanlegg og privat felles veg fangast opp av byggesøknaden på gbnr 102/139. Dersom dette er tilfelle, vil ikkje denne søknaden kunne handsamast før byggesøknaden på gbnr. 102/139 er ferdighandsama.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande tilhøve avklarast:

1. Kommunen har tidlegare gitt uttrykk for at dersom det ikkje vert sendt inn reviderte teikningar, vil søknaden «bli avslått i medhald av kommuneplanens føresegner og pbl. § 29-.2» då bygget ikkje er tilpassa terrenget. Vi kan ikkje sjå at teikningane er reviderte, og før vi gjer vedtak i saka ber vi om ei estetisk utgreiing i høve til punkt 5.16 i føresegnene til kommuneplanen. Etter vår vurdering er det valt feil hustype på egedomen
2. Det må avklarast om gnr. 102 bnr. 139 har rett til å bruke eksisterande privat tilkomstveg. Det kan sjå ut som at vegen er eigd av gnr. 102 bnr. 82. Vegrett over bnr. 139 er ikkje tilstrekkeleg dersom bnr. 82 eig vegen.
3. I søknaden går det ikkje fram om avkøyringsløyve er gitt. Det er opplyst at tiltaket ikkje vil gi ny eller endra tilkomst. Etter det vi kan sjå må det innhentast løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse.
4. Det går ikkje fram av søknaden om «takvann/overvann føres til» avløpssystem eller terreng.
5. Støren Treindustri AS har tidlegare (03.04.2013) gjort greie for at føretaket ikkje er sentralt godkjent for fagområdet arkitektur, og at ansvarsrett frå dei berre gjeld sjølv bygningen over grunnmur. Føretaket har ikkje ansvar for anna prosjektering. Vi ber om tilbakemelding om kven som er ansvarleg for val av hustype og plassering av tiltaket på tomta, samt prosjektering av utomhusareal.
6. Det går ikkje fram av søknaden kven som er ansvarleg for prosjektering av støttemurar og grunnmur.

7. Etter det vi kan sjå av snitt og teikningar med terrengprofilar skal det førast opp murar då det ikkje er mogleg å ha terreng liggande med slik helling. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om etablering av støttemur. Situasjonsplanen viser ikkje terrengendingar eller konstruksjonar. Avstanden frå ev. murar må visast på situasjonsplanen og til nærmaste nabogrense.
8. Føretaket Støren Treindustri AS er ikkje sentralt godkjent for fagområdet arkitektur.
9. Etter det vi kan sjå er det nytta same søknad om ansvarsrett for føretaket Hella Betongprodukter AS som i tidlegare returnert søknad. Det er manglar ved søknaden jamfør vårt vedtak av 02.04.2013. Dette må rettast opp.
10. Det kan sjå ut som at det er skildra feil kote på innsendte teikningar.

Dei fleste av desse manglane går fram av vårt vedtak av 02.04.2013.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt inn faktura til tiltakshavar på kr. 1050.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øystein Kvamme

Skauvegen 539

5957

MYKING

Mottakarar:

Byggmester Steinar Thunold AS